

# iVESTNES



**Velkommen til vår favorittstad Vestnes**



**midt i blinken**

# Vestnes – midt i blinken

Midt i blinken er slagordet vårt. I tillegg til å vere plassert midt i fylket legg vi i dette at det skal vere midt i blinken å bu og leve i Vestnes kommune, med eit rikt kultur- og fritidstilbod, variert næringsliv og gode tenester som er treffsikre i kvalitet og innhald.

Vestnes kommune er kjent for sine lange og stolte tradisjonar innan båt- og skipsbygging, og for gode pleie- og omsorgstenester. Vi har eit moderne landbruk og eit godt tilbod for gründerar. Havbruksnæringa er også godt representert i kommunen. Kommunen ynskjer å vere ein aktiv medspelar overfor næringslivet.

I Vestnes sentrum har vi ei kompakt og moderne handels- og service-næring. Her får du god service og eit breitt utval av varer.

Stamvegtraséane E136 og E39 går gjennom kommunen, Tresfjordbrua blei opna i 2015 og ferjefri kryssing av Romsdalsfjorden er under planlegging. Dette vil gjere Vestnes til ein spanande vekstcommune og attraktiv plass å etablere seg på, både for dei som vil busette seg og for dei som driv eller vil etablere nye næringar.

Naturen i Vestnes er vakker og tilgjengeleg for alle, med både høge toppar, friluftsområde, kollar og fjøre – vi legg til rette for eit aktivt friluftsliv gjennom lett tilgjengelege naturområde og godt merka stiar. I tillegg til naturen har Vestnes kommune mange aktive frivillige organisasjonar, og ei breidde av kultur-, idretts- og fritidstilbod. Å ta del i dette er ein fin måte å bli kjent med kommunen og oss som bur her på.



***Velkommen til vår favorittstad Vestnes!***

Geir Inge Lien  
ORDFØRAR





## Om Vestnes

- 7000 innbyggjarar
- eit areal på 404,59 km<sup>2</sup>, frå Rekdal i vest til Vågstranda i aust
- 33 fjelltoppar høgare enn 1 000 m.o.h.
- skipsbygging og pleie- og omsorgstenester som viktigaste næringsvegar, samt moderne landbruk
- eit rikt kulturliv og eit mangfold av fritidstilbod
- eit kompakt sentrum med mange butikkar, restaurantar og god service
- godt utdanningstilbod - frå barnehage til vidaregåande skule

# Vestnes Næringsforum


## Ein kommune i utvikling


I Vestnes får vi ting til å skje! Det er eit godt samarbeid mellom Vestnes Næringsforum, kommunen og frivillige.

Vestnes Næringsforum er ein interesseorganisasjon for næringslivet. Vi har 108 medlemsbedrifter og er Vestnes kommune sitt Hoppid-kontor. Vi hjelper gründerar med råd og rettleiing og er eit bindeledd inn mot verkemiddelapparatet.

Saman med Vestnes kommune og andre instansar og organisasjonar arbeider vi for å fremje eit konkurransedyktig og allsidig næringsliv. Vi har eit godt samarbeid og ein næringsvillig ordførar med stab. Vi jobbar mellom anna for å betre rammevilkår og setje i gang tiltak for å gjere Vestnes til eit lokalsamfunn der folk ønskjer å busette seg.

**Velkommen  
til oss  
om du vil  
etablere bedrift  
i Vestnes**





Det er kjekt å arbeide med næringsutvikling i Vestnes. I denne fine og sjølvstendige kommunen midt mellom Ålesund og Molde er det alltid mykje spennande som skjer, og vi har eit godt samarbeid mellom politikarar, bedrifter og organisasjonar.

Vi har fleire godt opparbeida industriområde, mellom anna Trohaugen, Skorgen og Gjermundnes.

I 2020 fekk vi tildelt midlar frå Møre og Romsdal fylkeskommune til tettstadsutvikling i Vestnes sentrum. Vi har dermed auka talet på tilsette frå ein til to. Saman med Vestnes kommune arbeider vi for å ferdigstille Vestnes sentrum. På Kataholmen blir det aktivitetsområde i samband med Båtbyggarmuseet si museumssatsing med galeasen Søblomsten.





## Om å bu i Vestnes Kort veg frå idé til handling

Noko av det Charlotte Stranden Karlsnes set mest pris på med å bu i Vestnes er at idear blir verkelege på kort tid. Det har ho sjølv bevist.

Då Charlotte var ferdig utdanna marknadsførar, tenkte ho at det var vanskeleg å finne ein spennande og aktuell jobb heime i Vestnes. Ho jobba som digital rådgivar i Oslo i over tre år før ho skjønte at ho måtte heim att.

*- Eg sakna familien min. Eg trudde ikkje det var mogleg å finne ein aktuell jobb for meg heime då eg var ferdig utdanna. Men etter å ha sjekka litt såg eg at det faktisk er ein stor jobbmarknad, fordi ein kan pendle til mange ulike stader, fortel Charlotte, som kjem frå Tomrefjorden.*

No arbeider ho som digital rådgivar i Ålesund. – *Eg bruker faktisk like lang tid på jobb no som då eg budde i Oslo*, seier Charlotte fornøgd.

### **Tomra Brass Band og Kodeklubben**

Charlotte er ein ivrig musikar på fritida og er glad for å kunne dyrke hobbyen sin for fullt.

*- Ein av dei kjekke tinga med å flytte heim var å starte å spele i Tomra Brass Band igjen. Me spelar i første divisjon i Noreg og vi er i NM kvart år, så det er mykje jobb. Men det er kjempeartig. Eg trur det er ein fin arena for folk som flyttar hit å bli med på sånne typar aktivitetar og bli kjent med folk i området.*

I tillegg har ho starta opp Kodeklubben, eit tilbod for barn og unge i Vestnes.

*- Kodeklubben Vestnes er ein frivillig organisasjon for barn imellom 5. og 10. klasse. Her får barn kome og lære seg å programmere, utvikle seg og lære mykje innanfor teknologi og matte, fortel Charlotte, som trur det er endå lettare å starte ting på små plassar enn i større byar.*

#### **Kort veg til dei ressurssterke**

*- Viss du har ein idé eller noko du brenn for er det lett å starte opp noko på ein liten stad. Her kjenner du ho som styrer biblioteket og næringssjefen eller kven det skulle være. Vegen er kortare til dei personane som er ressurssterke og kan hjelpe til.*

Og ressurssterke personar er det mange av, ifølgje Charlotte.

*- Ein tenkjer jo at ein har kompetansen i byane rundt, som Ålesund og Molde, men det har vi faktisk her også, smiler ho.*





## **Stella Maris** **Eit levande bygg for alle**

Stella Maris stod ferdig våren 2021 og har mange ulike funksjonar: sjukeheim, legesenter, bibliotek med kulturscene, frivilligsentralkontor, heimeteneste, tenestekontor og kafé.

Både biblioteket, kaféen og parken ved sida av bygget er flotte møteplassar. Stella Maris er eit levande bygg for folk i alle aldrar!

Gjennom ulike samarbeid og prosjekt er det mykje som skjer på Stella Maris framover. Sjukeheimen er i gang med å bli sertifisert som Livsgledehjem. Gjennom Stella Maris' venner kan frivillige organisasjoner eller enkelpersonar bidra med aktivitetar og tilbod til både eldre, barn og ungdom. Gjennom prosjektet SMUD, Stella Maris ungdom, jobbar vi for å skape eit lågterskel-tilbod for ungdom – ein god møteplass med aktivitet i samarbeid med frivillige. Crew Stella Maris får opplæring i lyd og lys frå Vestnes Kulturskule og stiller opp ved arrangement i biblioteket. Alle er velkomne inn til både å oppleve og bidra!



# ROMSDAL BYGG

INGENIØR OG ENTREPRENØRFORRETNING

[www.romsdalbygg.no](http://www.romsdalbygg.no) // [firmapost@romsdalbygg.no](mailto:firmapost@romsdalbygg.no)

## MOLDE

Sofus Jørgensens vei 7  
6415 Molde  
Tlf. 71 20 33 80

## VESTNES/RAUMA

Mathsonbygget  
6393 Tomrefjord  
Tlf. 71 18 04 00



# Kultur og frivillig innsats

# Aktivitet, identitet og trivsel

Omgitt av fjell og sjø, er Vestnes ein perfekt stad å bu for deg som er glad i frisk luft og uteliv. Men du treng ikkje springe på fjella for å trivast her. Her finn du varierte kultur- og fritidsaktivitetar – Vestnes har noko for alle!

Karate, hest, koding, frisbeegolf, kunst, utstyrssentral, korps, teater, fotball, turn, dans, politikk, motorcross, musikk, symjing eller strikking? Du treng ikkje kjede deg i Vestnes. På [www.vestnes.no](http://www.vestnes.no) finn du oversikt over aktivitetane og ein aktivitetskalender som viser kva som skjer til ei kvar tid.





Bak mange av dei varierte tilboda finn du eit sterkt frivillig organisasjonsliv. Dei frivillige organisasjonane bidreg til mykje liv og røre, gode fritidstilbod, fellesskap og trivsel. På iVestnes finn du ei oversikt, her kan du også be om å bli kontakta av den aktuelle organisasjonen for deg.

**Vestnes Kulturskule** gir opplæring i musikkinstrument, song, dans og andre kulturfag til elevar i alle aldrar. Dei har også ei klippekort-ordning for vaksne. Kulturskulen er eit ressurssenter for alle i kommunen. Mellom anna rekrutterer dei profesjonelle dirigentar og utøvarar til kommunen som heile kulturlivet nyt godt av. Mange musikk- og songtalent frå Vestnes har gjort det sterkt på landsbasis dei siste åra.

**Vestnes Frivilligsentral** er ein viktig møteplass for aktivitetar og kontakt mellom menneske og mellom dei frivillige og kommunen. Frivilligsentralen skal vere ein kompetansebank for organisasjonar og frivillige og ein tilretteleggjar for samarbeid og aktivitet.

**Vestnes bibliotek** har splitter nye og flotte lokale i Stella Maris, og her finn du eit vell av bøker, lydbøker og filmar. Her er det lesesal, avis- og magasinkrok, filmrom, gamingrom og mykje lokalhistorie. I biblioteket er det også ei flott formidlingsscene til små og store arrangement. Biblioteket er ein møteplass for små og store, der alle er velkomne!





## Næringsliv

# Vestnes – skipsbyggarkommunen mellom

Vestnes ligg midt mellom Ålesund, Molde og Åndalsnes. Næringslivet i kommunen er kjenneteikna av mangfold og er kjent for å vere tiltaksdyktig, innovativt, ressurssterkt og kompetent.

### Maritim industri

Dei fleste arbeidsplassane finst i skipsindustrien. I Vestnes vert det bygd avanserte skip, og vi har leiande produsentar av brønnbåtar og arbeidsbåtar til oppdretts-industrien.

Hos underleverandørane finst det også mange arbeidsplassar.

På Vågstranda finn vi Automasjonselskapet Solbakken Automasjon, som leverer anlegg i alle storleikar både for bruk på land og i båt.

### Matvareindustri

Ved Tine sitt meieri i Tresfjord lagar dei to av Noregs mest populære ostar, Port Salut og Ridderosten.



**TOMRA ENGINEERING AS**  
NAVAL ARCHITECTS AND MARINE ENGINEERS

Address: Mathsonbygget, Vik, N-6393 TOMREFJORD  
Tel: +47 71 18 88 80 – E-mail: [post@tomren.no](mailto:post@tomren.no)



# om fjord og fjell

Vi har fleire lokale kjøt- og matprodusentar som tilbyr kortreiste og smakfulle råvarer og spesialitetar.

## Industri og transport

På Skorgenes industriområde har vi Kraftmontasje, den leiande energientreprenøren i Noreg. Her ligg også Møre og Romsdal Kornsilo, XL Bygg og Straumen Bil.

Straumen Bil har sidan 50-talet bygd seg opp kompetanse på tungbilmarknaden. Dei er spesialistar på bilberging.



## ET TRYGT VALG FOR PROFF OG PRIVAT

Vi utfører alle typer elektroinstallasjoner, med hovedvekt på oppdrag innenfor maritim næring, landbasert industri og privatkundemarkedet.



**VIKELEKTRO**

NO-6393 Tomrefjord | T: +47 71 18 81 00 | [www.vikelektro.no](http://www.vikelektro.no)



## Handel og service

Den nest største arbeidsplassen i kommunen er helse- og omsorgssektoren, og på tredje plass finn vi handel og servicenæringa. Vestnes har eit tett og kompakt handelsentrums, med fagbutikkar der service og kompetanse står i sentrum. Til saman har vi over 40 butikkar, restaurantar og servicebedrifter.

## Landbruk og fiskerinæring

Landbruket i Vestnes har 83 bruk i drift, 35 storfebruk, 22 mjølkebruk og 38 sauebruk. Det aktive landbruket gir ringverknader og skapar arbeidsplassar i kommunen.

I Hjelvik og Vågstranda finn vi ei klynge av oppdrett/ akvakultur. Dette er ein spennande bransje i utvikling. Selskapa forskar på bruk av laksens naturlege signalstoff som alternativ mot lakselus.

I Vestnes finn du også mat- og settefiskanlegg.

**BRASTAD-ELEKTRO**  
MEDLEM AV  
**elkonor**

Tlf. 71 18 06 00 • E-post: [post@brastad-elektro.no](mailto:post@brastad-elektro.no)

**joker**

**Joker Tomrefjord**  
Åpningstider: 9-21 (20)  
Tlf. 71 18 21 85 • [www.joker.no](http://www.joker.no)  
Post i butikk og Tipping

posten

NORSK TIPPING



## Avfallsbehandling og gjenvinning

Øveråsvegen 176, 6390 Vestnes  
Tlf. 71 18 28 91 • E-post: post@vestnes-renovasjon.no  
[www.vestnes-renovasjon.no](http://www.vestnes-renovasjon.no)



**Straumen**

TYNGDEPUNKT FOR  
BERGING, PÅBYGG  
OG REPARASJONER

Eksperitse og erfaring i over 60 år

Tlf. 71 18 39 00 // [www.straumenbil.no](http://www.straumenbil.no)



# Skipscopygg og industrialisering Arven og historia vår

Skipscopygg står sterkt i Vestnes. Det heile tok til med Lars Hammerås, som kom til Vestnes frå Hardanger rundt 1853. Han etablerte skipsbyggeri i Hellandbukta og bygde ei rekke store seglskuter på Vestnes og i Ålesund, og saman med sonen på Bolsønes i Molde. Han tok med seg ein ny metode for bygging av store skip – kravellbygging. Ein kan trygt seie at det var Hammerås som tok med seg den industrielle revolusjonen til Vestnes i 1850-åra.

Den mest kjente skuta hans var Herman Lehmkuhl, som stod ferdig i 1875. I si tid var ho den største treskuta som var bygd i Noreg. Sjøsettinga fann stad omtrent der Vestnes Brygge i Helland sentrum ligg i dag, og var ei nasjonal hending med tilreisande gjestar. På reiarlaget sitt dampskip vart det arrangert stor middag med danseorkester. Hendinga fekk ei lang og detaljert skildring i Morgenbladet, sannsynlegvis skriven av presten Krogh. Ein reknar med at minst 2 000 skodelystne møtte opp for å sjå sjøsettinga og dåpen av skipet, som det tok knappe to år å bygge.

Frå 1850-åra og utover oppstod det behov for alle typar båtar til fiskeri og transport på Nordvestlandet. Dermed vart det etablert verft og båtbyggeri i kvar ein krok. Det har vore over 100 verft i drift på ulike tidspunkt i Vestnes.

Dei store og moderne båtbyggeria som finst i kommunen i dag, er dei som tidsnok gjekk over frå båtar i tre til båtar i stål. Dagens bedrifter ligg i forkant i sine segment av høgt spesialiserte fartøy og har vore nøydde til å ha stor omstillingsevne for å overleve. Vestnes er framleis blant dei leiande båtbyggarkommunane i Noreg i dag. Bedriftene har lagt grunnlag for mange underleverandørar som leverer både lokalt og langt utanfor landets grenser.

## Søblomsten

Hausten 2019 forska interim-styret i båtbyggarmuseet på båtane som Lars Hammerås bygde på Vestnes. Dei var klare over at det berre eksisterte éin «gjenlevande» båt etter Hammerås, nemleg galeasen Søblomsten på 78 fot. Båten hadde då vore under restaurering i Rørvik sidan



1992, og stod på Riksantikvaren si verneliste. Det har vore gjort fleire forsøk på å overta båten og bringe han attende til Vestnes der han vart bygd i 1864. I september 2020 kom han endeleg heim att og ligg no på Kataholmen i Vestnes Sentrum. Her skal skuta bli sett i stand, og eit levande museum er under planlegging.

### **Eit gammalt knutepunkt - Den Trondhjemske postvei**

På grunn av plasseringa midt i Møre og Romsdal har det alltid vore mykje trafikk gjennom Vestnes. Midt igjennom sentrum går Den Trondhjemske postvei, som er oppmerka og skilta. Postvegen kjem inn i Vestnes kommune gjennom ein flott, autentisk postvegstrasse over Ørskogfjellet. Herifrå vart vegen utbygd fram til Remmem i 1789, før han vart forlenga frem til Helland ved Vestnesstraumen i 1823. Derifrå vart posten frakta med båt til Molde.

Den Trondhjemske postvei er eit gammalt namn på vegen som gjekk mellom Bergen og Trondheim. Tidleg på 1700-talet vart vegen teke i bruk for å frakte post då staten overtok ansvaret for postvesenet. Vegen går gjennom

storslått natur – over fjordar og fjell, langs vatn og over elvar, og gjennom frodige bygder. Postvegen er som ei levande historiebok, til tross for at delar av han er lagt om eller gjengrodd. I perioden då treskipet Herman Lehmkuhl (214 fot) vart bygd i Vestnes i 1875, måtte postvegen leggjast om, då baugen rakk langt inn over land. Sør for handelssenteret Vestnes brygge er omrisset av skuta måla på asfalten der skuta vart bygd.

### **Gamlebrua**

Brua frå 1844 kviler på eit fundament av naturstein og er ein viktig del av historia til postvegen. Under bygginga av bruha oppstod det usemjø ved fleire tilfelle. Enkelte var redde for at bruha skulle vere til hinder for båttrafikken, medan andre frykta at ho skulle forstyrre østerson. I dag står ho saman med sine to søstrar, og med dette har vi tre bruer frå tre generasjonar over straumen.



# Besøk Vestnes

Velkommen til Vestnes! Vi har mykje å by på og håpar du vil trivast her hos oss. Under finn du stadar du kan bu og ete, og kva du kan oppleve! Sjå meir på [www.ivestnes.no](http://www.ivestnes.no).

## Oppleve

I Vestnes kan vi tilby deg som kjem på besøk mange fine opplevingar: Den vakre naturen med fjøre og fjell, rik kulturhistorie på musea våre, aktivitet som ørnesafari, frisbeegolf og fjordcruise, samt eit breitt utval av butikkar.

## Ete

God mat og drikke er ei oppleving i seg sjølv. I Vestnes har vi unik tilgang på ferske råvare frå havet, jordbruket og skogen. Har du lyst på autentisk norsk middag, spicy thai eller kanskje italiensk pizza? Vestnes har fleire serveringsstader for gode matopplevingar.

## Overnatte

Med plassering midt i Møre og Romsdal er Vestnes den perfekte overnatningsstad. Opplev vakre Vestnes og nå Atlanterhavsveien, Rampestreken, Trollstigen, Åndalsnes, Valldal, Ålesund og Molde på rundt eller under ein time. I Vestnes finn du hotell, campingplass, robuer, gjestehamner og bobilparkering.



# Naturen i vakre Vestnes

## Turstiar og friluftsområde

Ta deg ein tur i fjøra, ut på sjøen, på ei seter, ein koll eller ein topp og opplev vakre Vestnes kommune! Naturen her er variert og full av opplevingar som ligg og ventar på deg.

Naturen er tett på deg uansett kvar i kommunen du er. Mange har friluftslivet som fritidsaktivitet og rekreasjon i kvardagen.

Vestnes kommune har mellom anna turtrimmen Stikk UT! Dette er den beste turtrimmen i Noreg med 15 flotte turar i Vestnes kommune og heile 400 turar i Møre og Romsdal. På [www.morotur.no](http://www.morotur.no) finn du mange skildringar av fine turar i kommunen, inkludert Stikk UT!-turane.

I heile vintersesongen køyrer idrettslag og andre frivillige opp skiløyper, og både på Vågstranda, Kjersemfjellet, Ørskogfjellet og Tomrafjellet er det opne varmestover. På Ørskogfjellet alpinsenter finn du barnebakke, familieløype og fleire andre bakkar.



*Hydrex Byggservice AS*


Din samarbeidspartner for  
rørlegging i industrien

Tlf 90177225   [www.hydrex.no](http://www.hydrex.no)   [post@hydrex.no](mailto:post@hydrex.no)

**Stolt sponsor av lokal  
idrett og kultur**

[tafjord.no/sponsoring](http://tafjord.no/sponsoring)

 **TAFJORD**



## Utstyrssentralen

På Utstyrssentralen kan du låne utstyr for å vere aktiv ute heile året. Her kan alle innbyggjarar låne heilt gratis. Vi har mellom anna:

- telt
- hengekøyjer
- tursekks
- redningsvestar
- SUP
- kano
- robåt
- langrennsski
- skøyter
- alpinutstyr

Kontakt Frivilligcentralen for lån.  
Velkommen!



ÅSSTRANDA  
BÅTSERVICE

Buktavegen 70, 6390 Vestnes • Tlf. 45 95 38 98  
E-post: post@aasstranda.no • www.aasstranda.no



Åsstranda Båtservice AS har røter i båtbyggertradisjonen. Vi utfører dei fleste typar reparasjonar av tre- og plastbåtar for fritids- og yrkesbruk, og forhandlar motor og utstyr frå kjende leverandørar. Vi utfører sveising av aluminium og stål, og vår slipp tar opp båtar opp til ca. 40 fot.

PS: Har du interesse for båtbyggerfaget, vilje til å lære og bakgrunn frå handtverk eller mekaniske fag? Vi er interessert i å komme i kontakt med deg som vil vere med på å ta vare på norsk båtbyggertradisjon og skape gode løysingar for våre kundar!

# Vinteren i Vestnes

Vinteren i Vestnes gir mange mogleigheter:

- langrenn i oppkøyte løyper
- fjellskiturar
- toppturar
- aplint i anlegg, Ørskogfjell skisenter





**YANMAR**



**LOCTITE**  
FIXMASTER® MARINE CHOICKING

**MITSUBISHI**

**Vi utfører alt av montering og oppretting innen reperasjon og nybygg**

- Forhandler og servicepartner for Yanmar Large Engines og Mitsubishi Marine
- Service partner og leverandør av SKF Vibracon og Loctite Henkel for maskinmontering
- Skreddersyr motorpakker etter kundens ønsker
- Leverer alt av deler og arbeid til en konkurransedyktig pris.

Vi har eget Woodward/Europe regulatorverksted og Turboverksted i alle størrelser.

Trohaugen Industriområde, 6393 Tomrefjord  
Tlf. 711 82 270 // E-post: info@maritim  
[www.maritim-motor.no](http://www.maritim-motor.no)

**MARITIM**  
**MOTOR**A/s

## Sammen får vi ting til å skje!

Den gode samtaLEN, relasjoner, dyktige mennesker og lokal kunnskap, kombinert med de beste digitale løsningene. Det mener vi vil være oppskriften på gode kundeopplevelser fremover. Vi gleder oss til å møte eksisterende og fremtidige kunder.

SpareBank 1 SMN eies av deg og meg og alle som bor i regionen. Gjennom samfunnsutbyttet støtter vi de som skaper positive aktiviteter i vår del av landet.

**SpareBank**  
REGNSKAPSHUSET **1**

**EiendomsMegler**  
MIDT-NORGE **1**

**SpareBank**  
SMN **1**



# Ein trygg og god oppvekst

I Vestnes kommune er det mange gode krefter som arbeider saman for å gje barn og unge dei beste oppvekstvilkåra og eit mangfald av tilbod i eit trygt nærmiljø. Kommunen har eit breitt og godt tilbod med barnehagar med plass til alle, fleire barneskular, SFO, ungdomsskule og ein vidaregåande skule, samt ein kulturskule med eit variert tilbod.

## **Unik vidaregåande skule**

Gjermundnes vidaregåande skule gir opplæring innanfor naturbruk, teknologi- og industrifag, heste- og dyrefag, anleggsgartnar og idrettsanleggsfag, landbruk og gartnerinæring, realfag og påbygging til generell studiekompetanse. Skulen har internat og ligg flott til ved Romsdalsfjorden.


## **Aktiv fritid for barn og unge**

I Vestnes er det mange som bidreg til å gje barn og unge eit variert fritidstilbod. Her driv vi med motocross, riding, fotball, 4H, korps, jollesegling, handball, kino, klatring, turn, song, møteplassar, kodeklubb og mykje meir! Eit godt fritidstilbod for born og unge betyr mykje for trivselen i oppveksten – vi jobbar for at alle skal finne noko å være med på og ein del av.



**SalMar er en av verdens største og mest effektive produsenter av oppdrettslaks.**



 **SALMAR**



# Uendelige moglegheiter

*- Det å bu på gard er ei merkeleg form for fridom. Og her i Tresfjord er det så utruleg mange moglegheiter på alle kantar.*

Brit Guro Rypdal Hovden og Halvor Hovden tok det store valet i 2007. Dei flytta frå kjende og kjære, eit stort musikkmiljø og arbeid, og drog heim til Brit Guro sin fødestad, Tresfjord. Det har dei ikkje angra på.

*- Det å vekse opp på gard gir tryggleik og fridom, og ein lærer om livet. Det å oppleve ting på ekte. Du får ein nærliek til naturen og livet, og erfaringar du ikkje får i eit byggefelt eller ei blokk - eller ei bok, seier Brit Guro.*

## Aktiv bygd

Ho tok lærarutdanninga si på Notodden, og der møtte ho Halvor. Dei etablerte seg på Notodden og fekk sitt første barn der, Tuva Johanne (14). Sidan den gong har dei fått tre barn til: Heine (12), Åsmund (7) og Tiril (5).

Dei set stor pris på alle moglegheitene livet på gard og på bygda gir dei.

*- Tresfjord er kjend for å vere ei bygd der det skjer ting, både kulturelt og sosialt. Folk er flinke til å invitere og ha opne hus, og på sparket dra i gang bading eller andre ting via sosiale medier, seier Brit Guro.*

## Ivrige musikarar

For både henne og mannen har musikk alltid hatt ein stor plass i livet. Halvor arbeidde som musikar på Notodden i ulike band og orkester. Sjølv om begge no arbeider fulltid som lærarar og driv gard ved sida av, er fortsatt musikk viktig, og dei er begge aktive i det musikalske miljøet i bygda.

*- Det er veldig mykke som skjer. Og det er artig at det går an i ei lita bygd, seier Brit Guro.*

## Ein draum

På garden har dei omlag 130 vinterfora sauер og driv med førproduksjon. Saman har dei bygd opp og skapt ein heim for heile familien. No er store delar av garden restaurert og fungerer slik dei vil. Det er likevel stadig noko som må vedlikehaldast. Men dei set stor pris på gardsarbeidet og alt dei lærer undervegs. Dette er noko dei drøymer om å dele med andre.

*- Heilt sidan vi flytta hit har vi sett moglegheiter i å lage ein alternativ læringsarena. Å skape ein mestringsarena er målet, og vi tenkjer oss å invitere skular, dei som bur i tilrettelagde bustadar eller turistar, fortel Halvor ivrig.*

*- Vi ønsker å dele plassen, ressursane og opplevingane med andre. Det å delta i gardsdrifta gjev meistring, og ein blir «god på livet». Berre det å skifte kleidning på ein sommarfjøs er ei handfast og konkret oppleving med læring i seg. Etterpå kan ein setje seg ned og seie: «Ta blei. Dette her har eg skapt», smiler Halvor.*

# Vestnes Bygg AS

Oppføring og renovering av bygninger

Tegning • Prosjektering • Tømring  
Våtrom • Betongarbeider • Betongsaging • Kjerneboring  
Asbestsanering innv. og utv.

Tlf. 917 34 762 • raymond@vestnesbygg.no



post@holseter.no  
www.holseter.no  
Tlf: 930 65 360



- Totalentrepriser
- Tegning, prosjektering og byggesøknad
- Tømrer, mur- og betongarbeider
- Våtromsarbeider
- Asbestsanering



# BYGGMESTER ODD BJERKEVOLL AS

Hellandhaugen 6, 6390 VESTNES

Tlf. 959 21 951 • E-post: paal@bjerkevoll.no  
Tlf. 911 77 947 • E-post: odd@bjerkevoll.no  
• Hjemmeside: bjerkevoll.no

Konstruksjoner i tre og betong • Kjerneboring  
Uavhengig kontroll • Radonmåling • Tethetsprøving  
Tegning • Prosjektering



- fagkunnskap gir trygghet.



# Felleskjøpet

Felleskjøpet Agri SA Avd Vestnes  
Skorgeneset 31, 6390 Vestnes  
Tlf: 913 67 321  
www.felleskjopet.no



Våre virksomhetsområder er  
i hovedsak:

- Graving
- Sprenging
- Transport
- Tomter
- Kommunaltekniske  
anlegg
- Vegbygging

[www.tomramaskin.no](http://www.tomramaskin.no)

# TOMRA MASKIN

6393 Tomrefjord • Tlf. 975 50 540  
E-post: kristian.tomren@tomramaskin.no



**Bygdene** – Vestnes ligg sentralt midt i Møre og Romsdal fylke. Her kan du bu sentrumsnært eller meir landleg. Nærleik til fjell og sjø, eit mangfald av aktivitetar.

### Vestnes

Kommunesenteret Vestnes ligg vakkert plassert mellom majestetiske fjell på sørsvida av Romsdalsfjorden. Her bur 2 432 av kommunens 6 532 innbyggjarar (2020), og her finn du det aller meste av det du treng innan handel. Tettstaden er eit viktig knutepunkt for ferdsel mot Ålesund, Molde og Åndalsnes.



### Fiksdal

Fiksdal, med sine 376 innbyggjarar, er ei bygd med mykje aktivitet og vakker natur. Landhandelen, oppvekstsenteret og forsamlingshuset er viktige treffpunkt.



### Rekdal

Lengst vest i kommunen finn vi grenda Rekdal, som grensar til Ålesund kommune. Her finn du majestetiske Rekdalhesten, eit fjell på 782 meter som reiser seg rett opp frå fjorden.






### Vikebukt og Daugstad

Bygdene ligg solrikt og lett tilgjengeleg til ved innløpet til Tresfjorden. Vegen til kommunenesenteret Vestnes vart betrakteleg kortare etter at Tresfjordbrua vart bygd.



### Tresfjord

Omkransa av dei vakre Tresfjordfjella, inst inne i fjordarmen Tresfjorden, finn vi bygda Tresfjord. Oppvekstsenteret, landhandelen og forsamlingshuset er viktige treffpunkt. Aktivitetsnivået i frivillige lag og organisasjonar er høgt, med fleire faste storsatsingar gjennom året.



### Tomrefjord

Langs austsida av den ni kilometer lange Tomrefjorden finn vi tettstaden Tomrefjord med sine 1 117 innbyggjarar (2019). Her er skulen, landhandelen og idrettsbygget nokre av samlingspunktta. To av dei fire største verfta i kommunen ligg i Tomrefjord.



### Øverås og Nerås

Bygdene Øverås og Nerås ligg landleg til mellom Tomrefjord og Vestnes. Her er forsamlingshus og turmoglegheiter til Lauvåsen og Faksen.



# NSWE sømløse rørtråder gir dokumentert best kvalitet og sveiseøkonomi

**NST**  
www.nst.no

NST er eksklusiv leverandør av NSWE (Nippon Steel Welding and Engineering) sømløse rørtråder produsert med ICF-prosess.

Mange års erfaring med forskjellige produksjonsmetoder har vist at NSWEs ICF-prosess (In-line Continuous Filling) er den sikreste og mest effektive produksjonsmetoden for å oppnå jevn kvalitet på store volum.

NST har Nord-Europas største lager med sveisemateriell i Hokksund, samt lager i UK, Polen, Dubai og Singapore. Kontakt oss for en fagprat om sveising, økonomi og leveringstider.

Ring oss på telefon +47 99 27 80 00  
eller se [nst.no](http://nst.no) for øvrig info


Perfect Welding by



NSWE sømløs rørtråd

Optimalisert for:

- ✓ Ekstremt lavt hydrogeninnhold
- ✓ Meget gode mategenskaper
- ✓ God strømovergang og stabil lysbue
- ✓ Optimal kvalitet uten driftsavbrudd
- ✓ Bedre innbrenning i grunnmaterialet
- ✓ Lite etterarbeid på ferdig sveis



NSWE-ICF produksjonsprosess:

- |                              |                               |                        |
|------------------------------|-------------------------------|------------------------|
| A. Strip emne                | D. Sømsveising                | G. Kobberbelegging     |
| B. Valsing til U-form        | E. Tråden trekkes             | H. Trekking og spoling |
| C. Flux fyldes i jevn mengde | F. Gløding og dehydrogenering |                        |

Alle våre rørtråder leveres med 3.1 sertifikater med kjemiske og mekaniske verdier.

© shutterstock



Følg oss på



# TINE MEIERIET TRESFJORD, RIDDEROSTENS VUGGE



TINE Meieriet Tresfjord ble etablert i 1920, og som eneste meieri i Norge blir de kitmodnede ostene Ridderost og Port Salut produsert her, basert på lokal melk fra Romsdalen. I 1968 ble ett nytt meieri bygd, dette er senere renoveret og utbygd flere ganger, siste større utbygging var i 2015. Meieriet fremstår i dag som et topp moderne og fremtidsrettet meieri.

## Fakta om kittmodnet ost

Kittmodnet ost er en felles betegnelse på ost der modninga skjer fra overflaten og innover iosten. Når osten er tatt ut av osteformene og behandlet i saltlake påføres en spesiell bakteriekultur på ostens overflate. Etter en modningstid på 4-5 uker er osten klar til salg. Osten er velegnet som pålegg, på ostefat, i salater og bakst, som snacks og dessert.

TINE Meieriet Tresfjord har 20 medarbeidere, og produserer ca. 500.000 kg kittmodnet ost i året.

## «Ridderene i Tresfjord»

I 1969 skjer en osterevolusjon i Norge. Ridderosten fikk sin vugge i Romsdalen, i Tresfjord. Ideen var å lage en ost som var minst like god som liknende importerte oster. Hvorfor kan ikke flinke folk i Tresfjord lage like gode og kanskje bedre ost enn folk i Frankrike? «Ridderene» på meieriet i Tresfjord gjorde jobben. I 1970 var Ridderosten på markedet i hele Norge – og den har således 50 års jubileum i 2020, samme år er det 100 år siden meieriet ble etablert. Navnet Ridderost ble valgt fordi osten skulle fremstå som noe eksklusivt på linje med det som tradisjonelt er knyttet opp mot de sagnomsuste ridderene.

## Fakta om Ridderost

Ridderosten er eksklusivt produsert på TINE Meieriet Tresfjord. Meieriet i Tresfjord er eneste produsent av Ridderost og leverer til hele landet. Selv om Ridderosten ble utviklet for det norske markedet, har tidvis en stor del av produksjonen blitt eksportert til Tyskland, England, Sverige, USA, Canada, Australia og Japan.

Nå er eksportandelen svært liten, men noe går til Sverige, Tyskland og Australia. Siden det norske markedet var dominert av importost fra Mellom-Europa på 60-tallet, var det et ønske om å lage en ekstraordinær, norsk ost. Kjennetegnet på Ridderosten er en halvfast ost med en enestående fyldig og pikant smak og aroma. Skorpa er oransje, men sjølve osten inni er lys gul. Ridderosten har høstet internasjonal anerkjennelse, og er premiert både i England og Frankrike. I 2019 fikk Ridder Classic sølvmedalje i World Cheese Awards, samt gullmedalje i NM i ost samme år. Ridderosten har fått tildelt Matmerk sitt Spesialitetsmerke.





# midt i blinken

Telefon: 906 82 002  
post@vestnesnf.no

[www.vestnes.biz](http://www.vestnes.biz)



Vestnes  
kommune

Rådhuset  
Brugata 10, 6390 Vestnes  
Telefon: 71 18 40 00

[www.vestnes.kommune.no](http://www.vestnes.kommune.no)

